


## Utdanningsutval Fakultet for helse- og sosialvitskap, HVL

Dato: 6. november 2018, kl. 13:00 - 16.15 møterom H213

Tilstades: Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning), Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU), Johannes Haltbakk (fagseksjonsleder master i klinisk sykepleie), Eli Bjøvdal Eikefjord (fagseksjonsleder radiografi, Marianne Iren Vigdal (fagseksjonsleiar sosialt arbeid), Cecilie Thaulé Løvlid (rådgiver adm), Hilde Kristin Tveit (senior rådgivar/sekretær adm.), Kristin Senneset (studieadministrativ leder), Karianne Fiske (studentrepresentant bachelor)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>24 /18 Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	<a href="#">Referat 10. september</a>	Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Prodekan	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og sakliste blei godkjend. Tre saker blei meldt under eventuelt. <ul style="list-style-type: none"> <li>Ny avtale med studenttinget</li> </ul>				
<b>25/18 Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL.</b>	 Høyringsutkast Rammeverk for det s	Høyringsfristen vart framskynda. Utdanningsutvalet vert slik ikkje høyringsinstans. Dei tre institutta gjev høyring frå FHS. Rammeverket skal til styrebehandling 28. november. NOKUT kjem på tilsyn HVL 19. februar. Tre utdanningar ved fakultet har fått varsel om tilsyn knytt til godkjenningsarbeidet av kvalitetssystemet; Bachelor i sjukepleie heiltid Bergen, Master i samhandling, Førde og bachelor i vernepleie Sogndal.  Vi ynskjer innspel frå utdanningsutvalet kring korleis fakultetet bør jobbe med å implementere rammeverket.	Innspelssak Seniorrådgjevar Hilde Kristin Tveit innleiar	30 min

**Referat:**

Dei siste endringane i nytt utkast til rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL blei gått gjennom.

Utdanningsutvalet hadde følgjande innspel:

- HVL bør konkretisera enno meir kva vi legg i omgrepet kvalitet i innleiinga
- S. 10 *Seinast halvvegs i semesteret skal emneansvarleg* ..... Her må semesteret endrast til emnet. Det er ikkje alltid eit emne er halvvegs i midten av eit semester
- Rammeverket bør vera presist og gjelde heile HVL og bør derfor ikkje gje rom for å nytta ulike omgrep på f. eks råd, utval og mandat i dei ulike fakulteta. Ulikskap i struktur kan føre til at oppgåvene ikkje vert like godt følgt opp.
- Noko av dekan sitt ansvar bør delegerast til instituttleiarane slik at deira ansvar kjem tydeligare fram i rammeverket. Dette gjeldt i tabellane under kvalitet i studieprogram og kvalitet i studieportefølje.
- Planlagt emneevaluering skal skje seinast ei veke etter siste undervisningsøkt i emnet. Emneevaluering bør gjennomførast etter at studentane er ferdig med eksamen i emnet.
- Rolla til studierettleiar og rådgjevar i fakultetsadministrasjonen bør kome tydeligare fram i rammeverket
- Kommenterarar til studieprogramråd:
  - Ein brukarrepresentant bør vera med i studieprogramråd
  - NTNU har ein representant med frå eit anna studieprogram og meiner det er særleg nyttig

Korleis bør fakultetet jobbe med å implementere rammeverket?

- Det bør kome enno tydeligare fram kva for arbeidsoppgåver som ligg i rolla til emneansvarleg
- Dei tilsette får ein stor jobb med å gjere seg kjend med rammeverket og alle vedlegga i kvalitetshandboka på kort tid. Ein god plan for dette bør riggast og vera klar og setjast i gang med ein gong rammeverket er godkjend av styret.

<b>26/18 Revidering av studieprogram</b>	<a href="#">Forskrift om studium og eksamen ved HVL</a> § 3-2. (4) Årleg revisjon av studieplanar	I tråd med forskrift om studium og eksamen ved HVL og det nye rammeverket skal dekan innan 15. mars 2019 godkjenne alle studieprogram i fakultetet. Vi ynskjer utdanningsutvalet sine råd om korleis prosessen fram mot godkjenning av studieprogram og publisering i EpN i fakultetet bør vere.	Innspelsak Seniorrådgjevar Hilde Kristin Tveit innleiar	25 min
--	--	--	--	--------

**Referat:**

Utvalet blei presentert utdrag frå forskrift, rammeverk og informasjon gitt frå FS gruppa som omhandla revidering av emne- og studieplan. Utvalet fekk og presentert eit forslag til ein plan for korleis prosessen fram mot godkjenning i fakultetet kan vere.

Utvalet meiner planen er grei men har følgjande kommenterarar:

- Dei tre utdanningane som skal ha NOKUT tilsyn i april 2019 bør etablera studieprogramråd snarast etter godkjenning i styret slik at dei kan behandla studieplanen i studieprogram rådet før studieplanen sendast dekan til godkjenning. Det vil vera urealistisk å få etablert alle studieprogramråd i desember månad
- Emneansvarleg bør i tillegg levera eit resursrekneskap på studentarbeidstimer til kvart emne inkludert praksisemne
- Ved store endringar i studieprogram må ein samstundes sjå på vitemålstekstane og revidere desse (førebels står det på vitnemålet kva for ein campus studentane har studert ved - dette bør vurderast når studieprogramma samordnast og fakultetet får like studieprogram)

- Ein bør og ha med ei side som sumerar opp kva som er endra i studieplanen. Rapportar hentast frå EpN og sendast til dekan for godkjenning før dei sendast vidare til eksamenskontoret og lagrast i Public 360
- I samanheng med samordningsarbeidet for bachelorutdanningane må ein og sjå på korleis prosessen skal vera for å melde inn dei nye emna for studieåret 2020-2021

<b>27/18 Praksisstudiar</b>	Rapporten <a href="#">Til glede og besvær</a>	I lys av den nye NOKUT- rapporten om praksisstudiar og 10 lanserte utfordringar (s.11) ynskjer vi ei fyrste drøfting med utdanningsutvalet kring kva fakultetet bør prioritere å gripe tak i for å betre kvaliteten på praksisstudiar.	Innspelssak Prodekan innleiar	45 min
-----------------------------	--	--	----------------------------------	--------

#### Referat:




I samband med kvalitetssikringsarbeidet som no går føre seg - kva bør fakultetet prioritere?

#### Innspel frå utvalet knytt til punkta i rapporten:

- Gratisprinsippet i høgare utdanning - det er nett kome nye retningslinjer for refusjon av studentar sine reise- og bu utgifter i praksis ved HVL.
- Avtale mellom institusjon og praksissted- arbeidet med praksisavtaler prioriterast i fakultetet og er no i gang. Det skal og inngå ei avtale med NaV. Arbeidet med avtalane bør prioriterast.
- Rettleiarar kompetanse - Det er kome nye nasjonale krav for rettleiarane i praksis. Ei arbeidsgruppe ved fakultetet er allereie etablert. Dei skal utarbeida eit studieprogram på 10 studiepoeng som skal starte i 2019. Deler av studiet vil etterkvart utviklast delvis nettbasert.
- Arbeidsbelastning og studiepoeng i praksis – Utdanningsutvalet tilrår praksis som eigne emner i studieprogramma. Ei god løysing for å få oversikt over studentane si arbeidsbelastning er å rekna studentarbeidstimar i eit emne. Ei slik oversikt vil vise kor mykje timer som reknast til tid i praksis, tal på timar til arbeidskrav, sjølvstudie mm. Desse oversiktane ynskjer vi skal følge revidering av emne for 2019-2020
- Integrasjon og samanheng mellom teori og praksis - Kombinerte stillingar er ei god løysing som bør nyttast meir

#### Andre kommentarar og innspel knytt til praksis:


- Korleis kvalitetssikar fakultetet praksisplassane? Kvalitetssystemet bør fange opp dette.
- Kven er ansvarleg for å finne ny praksisplass dersom det er streik? Høgskulen er ansvarleg for å finna ny praksisplass
- Kva med studentar som no må finne seg ei bustad i praksisstudiane. I Sogn- og fjordane må f.eks mange ha eigen bil for å kome til praksisstaden pga manglande kollektivtrafikk og lange avstandar. Fleire i UU tok til høgde for at HVL bør vere behjelpelig med å finne hybel. Fakultetet kan f.eks laga ei hybelpool med kontaktinformasjon for å hjelpe studentane med å finne hybel
- Ved NTNU har dei knytt eit læringsutbytte i innovasjon i kvar praksisperiode. Studentane må gjere eit arbeidskrav knytt til innovasjon til den praksisplassen dei er på – dei må lage tiltaksplan for ein konkret pasient og dei større sakriflege arbeida ein tidlegare hadde i praksis har ein gått vekk i frå. Dette kan vere ei god føring i arbeidet med å heva kvaliteten i praksisstudiane.
- Praksis må følge studieåret – ikkje aktuelt å t.d nytte sommarferien til praksis.
- Kva med betaling av vaksinerings? Sjukehuset dekkja vaksinerings av studentar i praksisstudiane. Nokre praksisstader er dette meir aktuelt.

<p><b>28/18 Internasjonalisering</b></p>	<p><a href="#">Studietilsynsforskriften</a> § 3-3 (8)</p> <p><a href="#">Ingen skal tvinges til å dra på utveksling</a> (Krono)</p> <p>Styresak 85/18 Internasjonaliseringsmelding: <a href="https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0818/2018-08-innkalling.pdf#page=105">https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0818/2018-08-innkalling.pdf#page=105</a></p> <p>Utdrag av meldinga:</p> <div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: center;"> <div style="text-align: center;">  Til sak 28.docx         </div> <div style="text-align: center;">  Vedlegg Utdrag fra styresak 85.docx         </div> </div> <div style="text-align: center; margin-top: 10px;">  Vedlegg Uttekslingsavtaler F         </div>	<p>Styret ved HVL behandla HVL si Internasjonaliseringsmelding i møte 25.10.2018. Den peikar på fleire område som vert sentrale i vårt arbeid med å oppfylle nasjonale krav og forventningar, samt nå HVL sitt eige mål om å oppnå universitetsstatus. Sjå styresak 85/18 evt utdrag som er vedlagt.</p> <p>Vi ynskjer utdanningsutvalet sine råd på kva som skal til for å nå målet om å få til heilhetlige studieprogram kor utveksling er ein naturleg integrert del av studieprogramma.</p> <p>Vi ynskjer også innspel på korleis utdanningane betre kan nytte innreisande studentar i arbeidet med å styrke internasjonalisering heime i studieprogramma.</p>	<p>Drøftingssak Studieadministrativ leiar Kristin Senneset innleiar</p>	<p>40 min</p>
<p><b>Referat:</b> Utvalet fekk ei orientering om internasjonalisering i fakultetet og tankar knytt til anbefalingar som ligg kring studieprogram kor utveksling er ein naturleg integrert del av studieprogramma. Internasjonalisering omhandlar studentmobilitet, tilsettmobilitet, forskingssamarbeid og internasjonalisering heime. FHS har i dag 105 internasjonale avtaler delt på 33 land.</p> <p><b>Studentmobilitet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei pakkøløysning (mobilitetsvindaug) – helst på 30 studiepoeng der utveksling ( inn- og utveksling av studentar er ein integrert del av studieprogrammet og er plassert på same tid i studieprogrammet).</li> <li>• Fokus bør vera på teori og mindre på praksis. Korleis kan høgskulen f.eks. følge opp skikkavurdering når studentane er i praksisstudiar ute? Korleis bidrar innkomne studentar til internasjonalisering heime på campus når studentane berre er i praksis?</li> <li>• Tematikk må vere reell for studentane. Høgskulen har ikkje lov til å ha emne som f.eks berre inneheld språk og kultur. Dette er noko studentane skal tileigne seg i tillegg. Dette skal ikkje inngå som del av studiepoenga</li> <li>• Fakultetet kan f. eks. utarbeida og tilby fellestema om norsk helsevesen til innkomne studentar</li> <li>• Bør HVL bruke FN sine mål på bærekraft som filter på studiane?</li> </ul> <p><b>Innspel og kommentarar på korleis utdanningane betre kan nytte innreisande studentar i arbeidet med å styrke internasjonalisering heime i studieprogramma:</b></p>				

- Det viktigaste må vere at studentane ved FHS skal møte internasjonale studentar i studiekvardagen
- Det er bra med færre avtaler
- Bra med mobilitetsvindaug og at heime studentar får engelske emne. Det er krevjande å ha emne på engelsk. Tilsette må øve for å bli trygg i engelsk
- Internasjonalisering heime: OsloMet lager et *Sertifikat of internasjonal learning* til dei studentane som er i kontakt med flyktningar, deltek på global helsedag, rettleier innkomne studentar mm. Sertifikatet leggjast ved vitnemålet.
- Ein bør få til å knyte saman studentutveksling, tilsettmobilitet og forskingssamarbeid

**Andre kommentarar:**

- Phd – kva for forskingsmiljø er det lurt å knytte seg opp mot? Dei avtalene fakultetet har no skal prodekan for forskning sjå på og alle forskargruppene melder no inn samarbeid knytt til eksisterande avtalar.
- Også administrative tilsette må oppmodast om å etablere nettverk og reise på utveksling knytt til vår avtaleportefølgje.
- Kva med nasjonal mobilitet i Norden? Kan vi nytte dette meir i framtida?

<p><b>28/18 Orienteringssaker</b></p>	 <p>E-læringsmidlar 2018- 2019 FHS til p</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utdanningsseminar 7. november</li> <li>• Status Utvikling og samkjøring av bachelorutdanningane</li> <li>• Status Utvikling og samkjøring av master- og vidareutdanningar</li> <li>• Status phd. søknad</li> <li>• Tildeling e -læringsmidlar FHS</li> <li>• Model for Studieportefølgjeutvikling</li> <li>• Fellesemne bachelorutdanningane HVL</li> </ul>	<p>Orientering og innspel til saker vi må sette på dagsorden Prodekan innleiar</p>	<p>30 min</p>
---------------------------------------	---	--	--	---------------

**Referat:**

- Utdanningsseminar 7. november: Oppimot 100 påmeldte. Vi vil også jobbe for å inkludere studentar og praksisfelt til ulike arrangement kring arbeid med utdanningskvalitet. Fokus på dette seminaret er deling og inspirasjon for å utvikle eigen undervisningspraksis
- Samkjøring av bachelorutdanningane: BSV utdanningane har no fått utvida prosjektperiode til 2019. Det blir oppstart for alle dei 7 profesjonsutdanningane hausten 2020. Dei to andre prosjektane er i drift (leia av Hanne Marie Heggdal og Hilde Kristin Tveit). Det skal utarbeidast eit studieprogram for same type utdanning. Lokal profil skal koma til syne i undervisning. To arbeidsgrupper er satt i gang (TPS og medikamentrekning). Prosjektlearane, prodekan for utdanning og instituttleiarane har gjevnlege statusmøte.
- Fellesemne bachelorutdanningane ved HVL: Det skal utarbeidast eit forslag til eit felles emne og ei gruppe er satt ned leia av prodekan Anne-Grethe Naustdal. Frå fakultetet deltek Mildrid Haugland.
- Status - Utvikling og samkjøring av master- og vidareutdanningar: Instituttleiarane ynskjer at institutta ser på si masterportefølgje fyst og til våren ser fakultetet på heilheta. Arbeid som allereie er satt i gang er rettleiarutdanninga og vidare-/masterutdanningane psykisk helse- og rusarbeid. Rettleiarutdanning 10 sp skal utvikles med 2 opptak kvart år.
- Status phd. søknad: Fakultetet har ennå ikkje høyrte frå NOKUT

- Model for Studieporteføljeutvikling HVL: Det jobbast med kriteria for kva som skal reknast inn i vurderinga av studieportefølje.
- Tildeling av elæringsmilder: 870.000 blei delt ut. Det var mange idear. Tre av prosjekta søker no om midlar frå [Diku](#) (Barnevern Tittel: «Aktivt og deltakende læringsdesign i sosialt arbeid med barn og familier», Master`s Programme in Healthy Ageing and Rehabilitation og Kunnskapsbasert praksis).

**29/18 Eventuelt**

5

**Referat:**

- Ny avtale er signert av rektor og Studenttinget. Avtalen endrar fakultetspraksis på kva som reknast som godkjend fråvær i praksis. Studentar som deltar i organisasjonsarbeid kan no få inntil 10 dagars godkjend fråvær. Organisasjonsfri i praksisstudiane skal dermed ikkje lengre regnast som fråvær. Utdanningsutvalet ber om at retningslinjene endrast og at ein tar omsyn til endringane i samband med revideringsarbeidet for emne- og studieplan.
- Det skal etablerast ein felles e-postadresse for praksis administrasjonen.
- Studentrådet i fakultetet jobbar no med å få studentrep. frå dei andre campusane. Det møtast på Skype og studentane trengjer ikkje vere vekke heile dagen.

12.11.2018